





MAI på LERKA



Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
18 1-3.5			Offentleg høgtidsdag - barnehagen er stengt!	Kor Leikegruppe Turdag blå gruppe	Leikegruppe Turdag raud gruppe
19 6-10.5	Kristen samling: «Den bortkomne sonen» Leikegrupper	Hurra! ☺ Vi feirar Julian sin 6 års dag 	Temasamling «Brumlemann og ekornborna»	Kor Skulebesøk. Vi får besøk og går på besøk til dei nye haust gruppene.	Turdag for heilegruppa
20 13-17.5	Kristen samling: «Den bortkomne sonen» Leikegrupper	Aldersdelte grupper på tvers av avdelingane - Lerka og Måltrosten	Temasamling «Brumlemann og ekornborna»	Hurra! ☺ Vårfest i barnehagen! 	Hurra! ☺ For 17-mai! Nyt dagen ilag! 
21 20-24.5	Kristen samling: «Den bortkomne sonen» Leikegrupper	Aldersdelte grupper på tvers av avdelingane - Lerka og Måltrosten	Temasamling «Brumlemann og ekornborna»	Kor Leikegruppe Vi får besøk og går på besøk til dei nye haust gruppene.	Turdag for heile gruppa
22 27-31.5	Kristen samling, vi ser film Kristi Himmelfart (superblink) Leikegrupper	Hurra! ☺ Vi feirar Tobias sin 6 års dag 	Temasamling «Brumlemann og ekornborna»	Kristi Himmelfartsdag =barnehagen er stengt!	Studiedag - barnehagen er stengt!

DETTE SKAL VI LEGGE VEKT PÅ DENNE MÅNADEN: 17.mai i Noreg, gjennom formingsaktivitet, samling, song og musikk kan vi i barnehagen vere med å gi delar av Noregs historie vidare til borna.

Overgangen fram mot nytt barnehageår og skule.

Fokus i temasamlingane: Brumlemann og ekornborna frå Hakkebakkeskogen.

Den bortkomne sonen er ei likning i bibelen som kan hjelpe oss til å forstå at vi alle kan gjere dumme val, men alle skal få en ny sjanse.

MÅL FOR BARN I MAI: gi borna kjennskap til 17.mai og kvifor dagen er viktig for oss.

Samarbeide på tvers av avdelingane håper vi kan vere med på å gi borna i barnehagen ein trygg og god start i barnehagen, etter sommaren. Gjennom besøka får barna verte kjende i det leikemiljøet dei vil møte og dei får ei viss trygging til både barn og vaksne.

Temasamlingane vil ha venskap i fokus. Slik som Brumlemann og ekornborna er vener kan vi i barnehagen og vere med å sjå etter kvarandre, korleis kan vi vere vener i barnehagen.

Målet med dei kristne samlingane i mai er at alle skal ha respekt for kvarandre, vi tilgir kvarandre og hjelper kvarandre til et godt samspel.

ANNA INFORMASJON TIL FORELDRA: 16.mai vert det vårfest i barnehagen. Ein liten forsmak på den store 17.maifeiringa. Alle born og vaksne går i «17.mai tog», leik og moro som høyrer nasjonaldagen til, festen avsluttar vi med ein god 17.mai lunsj.

Overgangen fram mot nytt barnehageår og skule er organisert slik: Kvar tysdag vert det aldersdelte grupper på tvers av dei to eldste avdelingane. (Ikkje dei tysdagane vi har bursdag) Førskuleborna startar med skuleførebuande oppgåver, går over til frileik før dei avsluttar stunda med felles lunsj. 4-5 åringane og 3-4 åringane startar med frileik inne eller ute før dei et lunsj ilag.

Torsdagane er det sett opp til felles dag på heile huset. Vi fordeler born og vaksne på dei avdelingane vi har sett saman til hausten. Torsdagsturen går derfor ut, men vi legg opp til felles turdag på fredagane. Førskuleborna frå Lerka og Måltrosten har felles aktivitet ute eller inne desse dagane.

